



Referat frå styremøte - Seljord Idrettslag 08.05.2017

Til stades: Tellef Solås, Hans Inge Hagen, Camilla Johansen, Randi Øygarden (ref).
Fotballgruppa v/Arve Myrvang, A-laget v/Øyvind Oland, handballgruppa v/Grete Venås og Solfrid Bjørge, skigruppa v/Terje Øverland, sykkelgruppa v/Henk Stel, friidrettsgruppa v/Inge Nilsen, ridegruppa v/Gunn Helga Vindfjell.

Sak 24/17 Godkjenning av referat frå styremøte 03.04.2017

Referat gjennomgått og godkjent

Sak 25/17 Rekruttering til Dyrskulistene frå medlemar og undergruppene

Det er satt opp datoar for ringerundar i mai og august. Det er bestemt at ein tek både ansvarsvaktene og dei andre vaktene samtidig.

Nye medlemslister er laga, sortert på adresse, noko ein håpar vil lette arbeidet.

A-lags spelarane skal ha enten ei 12 timars vakt eller to 6 timars vakter ila Dyrsku'n, dette gjeld også for rekruttlaget og damelaget.

Sak 26/17 Rutiner politiattest

Tellef har ansvaret for dette, politiattest må fornyast kvart 3 år. Dette gjeld for alle som jobbar med barn under 16 år. Lista over dei som har levert politiattesten er ikkje oppdatert, påminningsmail blir sendt ut av Kai denne veka.

Sak 27/17 Rapport frå undergruppene med årshjul, handlingsplan og økonomi (undergruppene går sjølve inn på Visma)

Årshjul:

12. Sende ut treningsgebyr fotballgruppa – Listene blir ajourført når dei har kome litt meir i gang. Blir sendt ut etter dette. A-laget har sendt ut – sender ut puring snart.

13. Sende ut treningsgebyr friidrettsgruppa – utsatt, sendast ut ei stund etter oppstart 25.05.17.

14. Sende ut treningsgebyr sykkelgruppa – Sendast ut så fort Hans Inge har fått oppdaterte medlemslister.

15. Representere Seljord IL under 17. mai – Hans Inge Hagen.

Handlingsplan

Hovudstyret:

Økonomi: SIL fått godkjent spelemidlar på 1 mill og har fått tilsagn på byggelån frå Sparebanken DIN fram til desse blir utbetalt. (Renovering av klubbhus på Eventyrøy og garasje i Raudkleiv).

1. Mannskap Dyrsku'n – er i rute
2. Visma/klubbAdmin - Tellef har lagt inn budsjett for alle undergruppene i Visma, ikkje alle har tatt dette i bruk ennå, men det jobbast med.
3. Ungdomsstyre – Hans Inge har sendt ut infobrevet/søknaden for interesserte. Har til nå fått inn 7-8 kandidatar, men ynskjer fleir, så ein kan gjera eit val. Oppfordrar trenarar til å gå igjennom skrivet for spelarane sine. Ein treng kandidatar frå alle alderstrinn uavhengig av idrett. Dette skrivet blir også hengt opp på skulen.
4. Vaksentrim – Hans Inge har sendt ut ein informasjonsmail om dette tilbodet til alle over 26 år, i tillegg ligg det informasjon på SIL sine heimesider og på FB sidene.



5. Registrere aktivitet – Viktig å fortsatt hugse på dette. Mange er veldig flinke, men fortsatt nokre som ikkje brukar det i det heile tatt.
7. Treningshall – Er i gang med eit forprosjekt, Dyrsku'n arrangement har søkt om 300.000 i støtte til dette.

Fotballgruppa:

1. Kvalitetsklubb – Er under arbeid
3. Rammer rundt fotballen i SIL –Regnar med at den nye tribunen er på plass i løpet av veka. Jobbar med tiltak for å auke publikumsoppmøtet. Det er satt opp ei gruppe som har ansvar for kiosken og dei satsar på å ha denne open på alle kampar framover.

På grunn av svært tørt vær i det siste, har det blitt eit problem med korken på banen, den har blitt svært statisk og festar seg til alt som er i nærheten. Spelarane kjem heim frå trening med klede og sko fulle av små korkbitar. Ein meiner løysinga på dette problemet er å vatne banen. Arve og Øyvind tek ansvaret for å sjekke ut ang vatningsanlegg. Dette kjem også til nytte på treningsbanen.

A-laget har hatt ein litt laber start, bl.a. pga skader, men håpar det betrar seg etter kvart. Har fått det meste av utstyr og dei flest eigenandelar er betalt. Det nyoppretta damelaget har gjort ein veldig bra sesongstart og har allereie fleire seiarar bak seg.

Handballgruppa:

1. Rekruttere trenarar – trenarane er på plass for neste sesong.
2. Rekruttering – skal jobbe med promotering av handballen, vil kalle inn til eit foreldremøte for dei minste. 2 lag skal på Sommarlandcup og nokon skal på Hykkerud handballskule, dette ser ein på som positivt for rekruttering.
3. Heimekampar – Har eit ønske om å arrangere cup i Seljord ila høsten – 2017.

Mogeleg det blir to J11 lag til hausten, sidan dei er så mange spelarar. Men dette krev fleire trenarar, så det er ikkje avgjort ennå.

Skigruppa:

Startar opp med møter denne veka for å planlegge neste sesong.

2. Vatn – jobbar med dette i sommar.
4. Garasje Raudkleiv – Garasjen er bestilt. Tomta er klar for påfyll av masse, forskaling og støypping.
5. Avtale Raudkleiv – Desse må på plass og signerast snarast. Terje purrar på dette.

Friidrettsgruppa:

1. Raudkleiv Upp – har vore litt laber påmelding, men mange som har sagt at dei skal, utan at dei har meldt seg på, så ein reknar med at dette tek seg opp ettersom det nærmar seg.
2. Tinstafett – Inge skal sende forespørsel til skulen allereie tidleg på høsten- 2017 mtp å planlegge dette for 2018.
4. Trening – Oppstart 25.05, for barn 5-12 år. Invitasjon sendast ut denne veka, via mail, til til alle medlemmer, i tillegg blir det lagt ut på SIL sine heimesider, FB-sidene og hengt opp på skulen og i barnehagane.



Ridegruppa:

Har nyleg arrangert klubbstevne på Seljord hestesenter, 4 klubbar var invitert og dei hadde 70 startar. Fekk mange positive tilbakemeldingar på arrangementet. Har eit ynskje om å kjøpe inn digitalt tidtakningsutstyr mtp framtidige stevne.

Skal utdanne eget teknisk personell slik som dommar, banebygger osv, noko som gjer det enklare og rimelegare å arrangere stevne sjølve.

Det er mykje stevneaktivitet framover.

Dugnad på Dyrsku'n for ridegruppa:

Ridegruppa har hatt sine egne dugnadsvakter i forbindelse med barneridning under Dyrsku'n.

Det har blitt stilt spørsmål til om dette gjeng utover dugnaden til hovudlaget. Gunn Helga understrakar at ho prioriterar vaktene til hovudlaget fyrst og fortel at dei i tillegg leiger inn eksterne vakter til ridninga, når det er nødvendig.

Sykkelgruppa:

Treningane er i full gang, både landeveg og offroadsykling.

3. Kanalritt – 24 påmeldte frå Seljord. Jobbar med å få til ein familiekveld på Wassana's etter rittet.

Sak 28/17 Ymse

Inge kjem med eit forslag i forbindelse med utarbeiding av Eventyrøy aktivitetspark. Han har eit ynskje om å bruke området mellom kunstgrasbanen og Vallaråi til friidrett for borna. Han meiner dette er eit egna område for bl.a. spydkast, diskos og ballkast. Dette noterast og blir tatt med for vurdering i vidare planar.

Saker til neste møte:

Forespørsel om å bytte møtedag for styremøta i hovudlaget, evt rullere på dag, då det er fleire som har problem med å møte måndag. Ein stiller også spørsmål om det er behov for å ha møte kvar mnd eller om ein kan ha litt lengre intervallar.

Neste møte blir man 29.05.2017 kl. 19.00.